



INFORMASJON



STRANDEBARM



VIKØY



NORHEIMSUND



ØYSTESE



ÅLVIK

KYRKJEBLAD

FOR KVAM

NR. 1 • PÅSKE 2024
85. ÅRGANG

GOD PÅSKE!

Ljos over grav
som oss
livsvoni gav...

Tårnagent 007
Side 4

Minnelund i støypeskeia
Side 7

Ingeniøren og misjonæren
Side 10-11

Dei tek vare på byggjesoga
Side 12



FRAMSIDA

Biletet på framsida er av Strandebarm kyrkje i vinterdrakt.

Fotografen er Inger Karin Tordal.



GÅVE

Kunne du tenka deg å senda ei gåve til Kyrkjeblad for Kvam?

Då kan Vipps nr 584927 nyttast.

LEIAR

Kvite krossars gåte

*Svarte krossar
i kvite snjo
luter i regnet gruve.
Hit kom dei døde
yver klungermo
med krossar på herd
og sette dei frå seg
og gjekk til ro
under si klaka tuve.*

Slik skriv Olav H Hauge i eit av sine dikt, og ingen har vel skildra menneskelivet som han. Svarte krossar lyser mot kvit snjo, - eller er dei kvite? I vår tradisjon set me oftast opp ein kvit trekross over graver. Der vert den ståande til det kjem opp eit meir varig gravminne. Og gravminna har også ofte ein kross inngravert, som langsomt vert elda og svart. Slik sett har Olav H Hauge sjølv sagt rett. Ein gong hadde me gløymt å setja opp den kvite trekrossen etter ei gravferd, og familien tok kontakt med oss, og lurte på dette? Orsaking frå vår side kom straks på bordet, og me skildest att som dei beste vener. Men eg hugsar dei dirrande avskilsorda frå enkja: «Ja, for det må jo vera ein kross over grava!»

Kross over grav.....kva er det med dette krossteiknet som har fylgt oss som nasjon og kultur i 1000 år? I år feirar me at det er nett 1000 år sidan kristenretten vart sett på Moster i 1024. Kvite-Krist skulle erstatta den norrøne trua, - og det vart jo inga fredsæl overgang, slik me les det.

Olav Skeie Lid

Redaktør



Men like fullt: gradvis vart krossteiknet, symbolet frå den kristne trua, planta overalt i norsk jord. Ikkje alltid fylgde det fred med, og me kjenner så alt for godt til at også krossteiknet har vorte misbrukt i begjæret etter makt, rikdom og undertrykking. Likevel ER det der, og den dag i dag vil dei aller fleste at krossen sitt teikn skal stå over ei grav. Og me kan med frimod halda fram at den kristne trua bar i seg ei heilt ny forståing av menneskeverd og likeverd, som langsomt fann vegen inn i lovverk og seder og skikkar.

Kvite krossar over nye graver.....Overtru? Gammal tradisjon? Ikkje veit eg, og eg skal vara meg vel for å tolka dette for vidt. Men som kyrkje er me sett til nettopp å søkja svaret på krossen si gåte, dette vederstyggelege tortur-reidskapet som krossen var – og som likevel vart det livsteiknet som millionar av menneske set si lit til.

Det er snart påske, og me skal nok eingong feira Livet sin siger over dødskreftene – nettopp på krossen. Aldri vil me vel heilt forstå det, og det vil framleis vera dårskap i mange sine augo. Lett overberande kan nok dagens pluralistiske generasjon velja bort krossen. Og det skal me visseleg ha den djupaste respekt for – ikkje minst me som arbeider med gravferder. Like fullt: krossteiknet er der, og vil vera der – og for mange, mange av oss er krossen den vona som ber gjennom alt.

God påske!



KYRKJEBLAD FOR KVAM

Utgjevar:

Vikøy, Øystese, Ålvik og Strandebarm sokneråd

Ansvarleg redaktør:

Olav Skeie Lid, epost: ol485@kyrkja.no

Grafisk produksjon:

Norheimsund Trykkeri AS

Trykk:

Kai Hansen Trykkeri



Miljømerket trykksak



Kontingent:

Friviljug / kr. 350,-

Bankkontonummer:

3530 07 06922 for kontingentar og gåver
Vipps #584927

Annonsar:

Kontakt redaksjonen

Opplag:

4100 pr. nummer. Fire nummer i året.

Tips til stoff:

Send til ol485@kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA
Kvam kyrkjelege fellesråd

Telefon:

414 00 035 / 474 83 120

E-post:

post.kvam@kyrkja.no

Vitjingsadresse:

Kvam kyrkjekontor, Norheimsund kyrkje,
Kyrkjev. 40, Norheimsund

Postadresse:

Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND

Informasjon om våre tenester, kontakt-
informasjon til våre tilsette og det som
skjer i regi av oss finn du på:



v.kyrkja.no/Kvam



Den norske kyrkja i Kvam

@kyrkjerikvam

Organisasjonsnummer

Kvam kyrkjelege fellesråd:

976 995 082

Kyrkjeverja i Kvam:

Olav Skeie Lid, tlf 41 400035,

epost: ol485@kyrkja.no

Soknepresten i Strandebarm og Vikøy:

Vetle Karlsen Eide,

vk267@kyrkja.no, tlf. 400 35 356

Soknepresten i Øystese og Ålvik:

Roar Strømme,

rs466@kyrkja.no, tlf. 970 37 737

Kvam kyrkjelege fellesråd:

Margunn Mikkelsen Tordal

mmtordal@gmail.com

Rådsleiarar Strandebarm sokn:

Margunn Mikkelsen Tordal

mmtordal@gmail.com

Vikøy sokn:

Astrid Helleve Fylkesnes

a.h.fylkesnes@gmail.com

Øystese sokn:

Kjell Dysvik,

kjell.dysvik21@gmail.com

Ålvik sokn:

Ida Lindøe

idalind@online.no

ANDAKT

Ei uventa overrasking

Inni i vigselringen min står Efesarane 3:20 gravert. Det er ei påminning om verset i Bibelen som seier: «Han som verkar i oss med si kraft og kan gjera så uendeleg mykje meir enn alt det vi bed om og skjønar». Det handlar om Gud og hans utrulege evne til å velsigna oss på måtar som ofte går langt ut over det vi sjølv kunne forestilt oss. Så ofte i livet mitt har eg opplevd at Guds tid er veldig annleis enn min eigen.

Frå ung alder ønskte eg å bli gift og få born tidleg. Men Gud hadde ein annan plan for meg, og eg måtte vera tolmodig og vente på Han. I mine år som singel, reiste eg verda rundt, budde i utlandet, dyrka venskap og karrieren min. Men i 30-åra møtte eg oftere periodar

der eg følte meg fortvila over at eg aldri skulle finna meg ein ektefelle og få born. Når eg las Bibelen, blei eg minna på håpets kraft. Håp er eit lys som dreg oss oppover og ikkje ned i fortvilninga sitt mørkre. Håp lar oss flyga til nye stader. Håp hjelper oss til å overgi våre ønskje til Gud, i trua på at Han har det beste for oss.

Det var ikkje før eg var 36, at eg først møtte mannen min, Per Øystein Opdal. Han hadde sett eit bilete av meg hos ein god ven, og kjende seg dregen til å reisa til USA for å møta meg! Lang historie kort, vi gifta oss innan året var omme, og eg flytta til Noreg. Den andre velsigning kom nokre år seinare med den etterlengta fødselen av vår einaste dottera Rebekka. Eg kunne

Bryna Opdal

Trusopplærarvikar



aldri ha forestilt meg at dette skulle bli historien i livet mitt, men Gud skreiv den lenge før eg var fødd.

Når vi ser på påskefortellinga, gjekk nok kvinnene til grava tidleg den søndagsmorgonen utvilsamt i fortvilning og vonløyse. Deira ven og frelsar var død! Men, det som skjedde den morgonen var ikkje det dei forventa, og var utover det dei kunne be om og forestilla seg, for Jesus var levande! Den oppstandne Jesus er vårt håp, og det er Han som gir oss eit håp som kan halda oss oppe i livets vanskelege ventetider og spørsmål! Romarane 15:13 forkynner: «Må Gud, som gjev håp, fylla dykk med all glede og fred i trua, så de kan vera rike på håp ved Den heilage andens kraft». Det er mi påskebøn for deg!

Program for Bjørgvin bispedøme:

Temakveld ned biskopen:
Miskunn, bioteknologi og
fosterdiagnostikk.
Domkirken, 21.mars kl 19.00

Temakveld med biskopen:
"Dei fire guddommelege
døtrene i kunsten."
Gjest Professor emeritus
Gunnar Danbolt.
Domkirken, 25. april kl 19.00

Kristenretten 1000 år
Markeringar i sokna i Bjørgvin,
1. pinsedag 19. mai

Verdiseglas med kystpilegrimar:
Landgang: Bergen 21. mai,
Moster 1. juni,
Selja/Kinn 6. – 8. juli,
Trondheim 27. juli

Allsong i domen.
Biskop Ragnhild og kantorane Bjarte
Almenning og Sigurd Øgaard.
Domkirken 23. mai kl 19.00

Jubileumsveka Muster 2024
29. mai – 2. juni.
Økumenisk festgudsteneste i
Moster Amfi 2. juni kl 11.00.



Tårnagent 007

Tre helgar på rad har me samla en flott gjeng med Tårnagentar i kyrkjene våre i Kvam. Det heile starta i Vikøy, så drog me vidare til Øysete, og fredag 9.februar møtte me en fin gjeng med både 3.og 4.klassingar i Ålvik. Alle samlingane starta med ei hinderløype, som barna kastet seg ut i både med og utan bind for augo.

Det var djup konsentrasjon då Tårnagentane måtte løysa kodar for å finna igjen kyrkjeskattane. Etter litt leiting fann me både lystestakar, dåpsmugge og andre kostbare saker. Etter at nye oppdrag var løyst, viste det seg at

kyrkja ikkje berre har skattar av sølv og gull, men at Bibelen gjev oss skattar som varer for evig! Skattar me kan samle i hjertet vårt.

Selv om ein Tårnagent ikke berre lever av brød åleine, er det godt med litt mat i magen. Då var det supert med foreldre og Framneselevar som stilte opp med både pølser og kake. Seinare på kvelden kunne Tårnagentane leggja ut på nye oppdrag. Me fann ut at kyrkjene våre er full av forskjellige symboler, og mange av disse måtte me undra oss litt over.

Kvifor er det så mange krossar i kyrkja, og så få hjarte?

Spenninga var stor når det endeleg var klart for tårnsafari. Det vart luftige turar opp til klokkene for både små og store. Kyrkjeverje Olav tok barna med opp til topps i Vikøy kirke. Her hadde ikkje kyrkjeverjen vaska på en stund, - men han kunne fortelja spennande historiar om kva som hadde skjedd der i gamle dager. Kor mange av dykk visste at klokkene i Vikøy kyrkje er frå fra 1300-tallet?

Søndag formiddag fekk me feira gudsteneste saman i kyrkjene våre, som Tårnagentene no har utforska kvar einaste krok av. På gudstenesta deltok dei både i prosesjon, der dei bar fram kyrkjeskattane, dei hjalp til med andakt og lystenning, og dei bidrog som forsangerar. Takk for flott innsats, dyktige Tårnagentar!



Tårnagent 007

Trusopplæring i Kvam våren 2024

Småbarnstreff (0-6 år)

onsdagar: kl.10.00-12.00, i Norheimsund kyrkje
datoar: 10.april, 24.april, 8.mai, 22.mai, 5.juni



Krølletreff (3 år)

Norheimsund: tysdag 7.mai, kl. 17.00-18.00
Øystese: tysdag 14.mai, kl. 17.00-18.00
Strandebarm: tysdag 15.mai, kl. 17.00-18.00



Skulestartbok: (6 år)

Norheimsund:

Førsamling: tysdag 28.mai, kl. 17.00-18.30

Gudsteneste: søndag 2.juni, kl.17.00

Øystese:

Førsamling: tysdag 11.juni, kl.17.00-18.30

Gudsteneste: søndag 16.juni, kl.17.00

Strandebarm:

Førsamling: torsdag, 13.juni, kl.17.00-18.30

Gudsteneste: søndag 16.juni, kl.17.00

Ålvik:

Til hausten, i lag med 4-åringar. (datoene kjem)




Legoklubb: (2.klasse)

Norheimsund (2.klasse):

torsdagar: 4.april, 18.april, 2.mai frå kl. 17.30-19.00

Strandebarm (2. og 3.klasse):

torsdagar: 21.mars, 11.april, 25.april frå kl. 17.30-19.00



Velkomen til KYRKJEKLUBBEN Våren 2024

Klubben er frå 17.30 til 19.00

Me planlegg desse samlingane i Norheimsund kyrkje:

Torsdag 21. mars kl 17.30 - i Øystese

Torsdag 25. april kl 17.30

Torsdag 30. mai kl 17.30

Sommar-avslutning:

Torsdag 27. juni kl 17.30

Klubben er tilrettelagd for menneske med nedsett funksjonsevne. På kyrkjeklubben er det mellom anna mykje song og musikk, dagens forteljing, me tenner bønelys og avsluttar med kveldsmat i lag. Me samlast til vanleg i Norheimsund kyrkje siste torsdag i månaden. Både ungdomar og vaksne er med. Vel møtt!

Foto: Bo Mathisen

Munter historie

For mange år tilbake var eg ei langhelg i Buskerud krins av Sjømannsmisjonen. Søndag var det gudsteneste i ei kyrkje nær Drammen. Under preika var det ei dame som besvimte, og måtte berast ut av kyrkja. Det gjekk fint med henne etter kvart.

- Då eg kom heim, fortalde eg dette til familien ved middagsbordet.

Ein av gutane våre, hadde då følgjande kommentar: "Du pappa prekte så mye om Sjømannsmisjonen at denne damen ble sjøsyk!"

Arne O. Øystese

Strikketreff i Ålvik kyrkje våren 2024

Datoar framover:

Onsdag 6. mars
Onsdag 3. april

Alle treffa startar kl. 18.00 og varar til 20.00.



Foto: Marius Vervik



Aud er komen til oss

I Ålvik har det vore eit skifte i kyrkja. Vår gode Sylvi Elvatun, som har vore høgt og lågt som kyrkje-tenar dei siste åra, går av ved oppnådd pensjonsalder no ved årsskiftet. Inn frå sidelinja kjem ein sprek pensjonist, som har meldt seg til teneste: Aud Aga. Ho torer vera velkjent i Ålvik, oppvaksen som ho er i bygda. Som vaksen gjorde ho vossing av seg i mange tiår, men har vendt attende til heimbygda som pensjonist. Ho har fartstid i soknerådet siste åra, og bur særdeles lagleg til rett ved kyrkja. Ho skal gjera vanleg teneste i kyrkja på alle vis, bortsett frå stell av graver. Dette har me no sett bort til firmaet Kunststell, som allereie er på plass og steller i Vikøy og Øystese. Me er takksame for at Aud har lyst til å ta eit tak, og ynskjer henne varmt velkomen i staben i kyrkja i Kvam!



Kultur + kyrkje = sant



Vikøy sokneråd syslar såvisst ikkje berre med kyrjekaffi og offersøkna-der. Kultur er langt framme på dagsorden, og rådet har forlenget oppretta sin eigen kulturkomite, til dagleg kalla kultur-geriljaen. Dei femner vidt i sitt interessefelt, frå diskusjonskveldar, debattar, føredrag, utstillingar og konsertar. Når kyrkjebladet ligg i din postkasse, er vårens store hap-pening gjennomført: konsert med Garness, tvillingduoen frå Nordhord-land.


Her er Astrid Helleve, Sverre Lindøy, Tove Fjell og Helga Sørhus er i full gang med å planleggja vidare kulturprogram for Vikøy sokneråd.

Ei stund i himmelen

Nei, det var ikkje biletet i seg sjølv som sende kyrkjeverjen til himmels. Det var ein epost for ei tid attende. Ei ven-leg kunstarsjel frå ein annan stad i landet lurte på om me i kyrkja var klar over at den gamle albertavla i Strandebam kanskje kunne vera laga av Diego Velasquez? Sjølvaste Velasquez? Tida stod stille inne på kontoret ein augneblink. Eit uoppdaga verk av den store spanske kunstmålar Diego Velasquez? Fort snurra ulike scenario gjennom skolten: me måtte ha døgnkontinuerleg vakt kring kyrkja, det ville bli dyrt. Samstundes kunne me sikkert selja eit uoppdaga verk av Velasquez for 500 millionar kroner – og kyrkja i Kvam sine sorger ville vera sløkte for alltid.

Fornuften og vitet overtok smått om senn, og kanskje var det best å sjekka at dette verkeleg var eit Velasquez-verk? Kunstkjennar frå Bergen vart bodsend, - og stunda i himmelen var relativt fort over. Han var venleg nok, den gode kurator frå Bergen Museum, og ville nødig øydeleggja dagen for meg, sa han - men han måtte nok seia det som det var: dette var ikkje Diego Velasquez sitt verk.

Men interessant er det likevel: det heng altså ei altartavle i Stran-debarm, gjeven som gåve på 1600-talet, og som me ikkje kjenner kunstaren bak. Og djupt i kyrkjeverjen sitt sinn lever vona om at den venlege kuratoren frå Bergen museum kanskje tok feil, og at det likevel kanskje, kanskje.....



Minnelund i støypeskeia

Kva tid kjem minnelundane?


Ikkje noko spørsmål kjem oftare til vårt kontor enn dette. Og svaret er: no er det like før.

Namna minnelund er ein ny og alternativ måte å verta gravlagd på. Det er for så vidt ei heilt vanleg urnegrav, men i staden for at grava har sin eigen gravstein, vert urnene sett tett i tett i jorda like ved monumentet. På sjølv monumentet får så kvar gravlagd ei minneplate. Det vert også eit stativ til å setja blomar i knytt til minnelunden, og ein benk til å kvila trøytt føter på. Kanskje rennande vatn og? Staden der urna ligg, skal ikkje markerast eller vera gjenstand for nokon slags minning, her skal det vera slett bakke.



I Kvam er me i gang med Øystese minnelund som første prosjekt. Den er fullfinansiert av Kvam herad, og det er vona at me skal få den ferdig bygd i løpet av 2024. Det er arkitekt Gøril Kjosås som har utforma denne minnelunden, og som i desse dagar legg siste hand på forprosjektet.



Arkitekt Gøril Kjosås fra heimen sin på Kjosås i Øystese.



Ved Norheimsund kyrkje kjem så neste minnelund, og me har ei von om at den kan koma i løpet av 2025. Den vert plassert bak Norheimsund kyrkje, med vakkert utsyn til Folgefonna. Her er det arkitektkontoret Geoplan som har fått oppdraget med utforming og forprosjekt. Denne minnelunden har fått namnet «Fodne ho svara stilt», etter ein folketone. Ser du hardangersaumen som har inspirert arkitekten Liv Kildahl? Her er utfordringane litt fleire enn i Øystese, med nærleik til krigsminne som eit av dei moment som ein må ta omsyn til. Difor har ein valt å bruka Øystese som eit slags pilotprosjekt, og hausta erfaring. Men så sant politikarane følgjer opp med investeringsmidlar på sitt siste møte før jul 2024, så skal også Norheimsund minnelund sjå dagens ljøs innan kort tid.





Strandebarm kyrkje framfor eit storlyft

Tala som ligg på bordet, er eigna til å gje hakeslepp, men dei stemmer: Strandebarm kyrkje skal få eit lyft av dimensjonar. Sluttsammen kjenner me ikkje før jobben er gjort, men millionane kjem til å renna friskt. H2Hardanger er valde som prosjekteringsfirma, og held i desse dagar på med å gjera anbudsgrunnlaget klart. Redaktøren og prosjektleiar Anders Hjartnes var på synfaring under solide taksper for å ta eit overblikk over bygningskroppen, og måtte samstemt innrømme: Dei fuska ikkje i faget, dei som i 1876 reiste denne vakre katedralen. - Ein vert slegen av kvaliteten, mumla den gode prosjektleiar, der han smaug seg fram

mellom dragarar og avstivarar. Men like fullt: det er rett å ta dette lyftet no. Hellespikrane er 150 år, og små fuktskader er i ferd med å gjera seg gjeldande. Kontakten med riksantikvaren er oppretta, dialogen med biskop og stiftsdireksjon likeeins, og finansieringa er i boks. Me har ei oppriktig von om at hausten 2024 kan kyrkja vera omslutta av stillas på alle sider. Mange tusen hel-

ler skal ned og opp att, tårnhjelmen av kopar skal fornyast, nye takrenner skal på plass, morkne tårnvidaugo må bytast ut, - jau, det er eit betydeleg stykke arbeid som ligg framfor oss. Det heile er eit spleiselag mellom riksantikvar og Kvam herad, og ikkje minst sistnemnde skal ha takk og ære for å prioritera vern av kulturskattar i ei tid der innsparing er på alles lepper.



Anders Hjartnes (øverst) og Nils Ove Børve, prosjektleiarar for rehabilitering av Strandebarm kyrkje



Føremiddagstreff i Øystese

"Det kvardagslege - og det spesielle"

Føredragshaldar Ingmar Lid var i det filosofiske hjørna denne dagen, der han tronte i brurestolen i Øystese kyrkje medan han sveipte innom vide tema i sitt kåseri: Jon Fosse, språket, minna våre, aldring, mikro og makrokosmos, kunstig intelligens, kreasjonismen, simuleringshypotesen- og Ordet, både med stor og liten førebokstav. Lekamleg føde sytte komiteen for - og så vart ein grå tysdag i februar slett ikkje så grå lenger, men rett og slett ei triveleg stund under kyrkjekvelven, der tanken fekk vengjer, og der samkjensla over grovbrødsriver og kaffi gjer godt.

(Redaktøren gjer merksam på at han er i nær slekt med kåsøren)




Orgel treng omsut

Orgelet i Strandebarm er slett ikkje så gammalt. Det er levert i 1976 av Vestre Orgelfabrikk, som låg på Haramsøy. Fabrikken vart lagt ned få år etter at orgelet var bygt. Det er eit mekanisk pipeorgel med 25 register fordelt på to manualer og pedalklaviatur. Hovudverk, brystverk og pedalverk har i alt 1792 piper – kryp gjerne inn i orgelet og tel etter, om du tvilar.

Orgelet har mange kvalitetar, - men ropar også på vedlikehald. Det viktigaste er kanskje at luftinntaket til belgen står ute i på det kalde loftet, og syg kald luft inn til alle piper. Dette røyner hardt på treverk og metall, og er heilt nødvendig å gå gjort noko med. Og når ein først er i gang var det kanskje ikkje så dumt å ta med det andre som trengs å bytast etter 50 år?

Strandebarm sokneråd ligg ikkje på latsida, og har allereie samla inn pengar ei heil stund. No har også rådet sett ned ein eigen orgelkomite, som skal sjå både på finansiering og organisering. Ingen må tru at det er hyllevarer når ein skal renovera slike instrument: omkring 1,5 mill kjem ein fullverdig restaurering på. Ajaj. Kyrkjeverjen ser seg rådvill ikring etter eksterne bidragsytarar?

Men det er i motbakke det går oppover, og orgelnemnda er full av optimisme. Dette greier me!



Føremiddagstreff våren 2024



Foto: Jonathan Vivaas Kise

Treffa vert annankvar gong i Øystese og Norheimsund, her er datoane:

- 7. mars i kyrkjelydssalen i Norheimsund kl. 11.00
- 9. april i Øystese kyrkje kl. 11.00
- 9. mai i kyrkjelydssalen i Norheimsund kl. 11.00

Det kjem annonse i avisa med program nokre dagar før, og dessutan vert det lagt ut større artikkel her på nettsida ei veker tid før.

Ope hus i Strandebarm

Frå januar blir det Ope hus annankvar veke i Strandebarm kyrkjelydshus, alle treffa startar kl. 18.00.

Her er tysdagane for våren 2024:

5. mars
19. mars
2. april
16. april

30. april
14. mai
28. mai

Velkomen til ei sosial samling med prat, evt. strikking, spel eller tur om vêret tillet det.



Foto: Torstein Kiserud



Ynskjer du ei velstelt grav heile året?

Me kan tilby stell og montering av EMPERI.
Kan også ta oppussing og oppretting av gravsteinar.

For informasjon og avtalar ta kontakt med **Rusk og Rask**
v/Arvid Strømme tlf. 99597848.

Gravminne

Treng De hjelp til oppretting, sikring, reingjering og fornying av skrift på gravminne samt planting? Me tilbyr også sal av nye gravminne med tilbehør (Eikner naturstein)

Har lang erfaring og gjer førehandspris

Ring 406 11 817

Leivmagnar.fosse@gmail.com



L.M Fosse

Ingeniøren og misjonæren som skapte arbeidsplassar i hopetal

Yrkeskule og arbeidsplassar i industrien gjev gode vilkår for unge i Butwal. Bak dei vellukka prosjekta er fleire års arbeid og ikkje minst tålmod. Sandesh Sharma fekk reisa i fotspora til sivilingeniøren og misjonæren **Odd Hoftun**. Siden Sandesh sjølv er ung nepalar på jakt etter ei trygg framtid, såg han lett korleis arbeidet fører til von og framtidstru et halvt århundre etter etableringa.

Tekst: Line Konstali

Foto: Audun Nedrelid



Elever på Butwal Technical Institute (BTI) kan sjå fram til betre høve for arbeid.

Butwal er en sub-metropolisk by og økonomisk knutepunkt i Lumbini-provinsen i Vest-Nepal. Byen har eit folketal på 195 054 innbyggjarar (2021). Den ligg ved breidda av elva Tinau, og ved foten av Siwalik-fjella. Byen er ikkje berre ein stad på kartet; det er ein by med ei rik søge, ein pulserande kultur, og ei blanding av moderne og tradisjonell arkitektur. Når du går gjennom gatene, vil du sjå fargerike marknader, templer, parkar og travle menneske. Det er altså her hjarta og sjela til HimalPartners yrkesmisjon ligg. Alt vi gjer for å skape arbeidsplasser, er prega av tankegangen til sivilingeniør og misjonær Odd Hoftun. Han arbeidde for Den norske Tibetmisjonen (i dag kjent som HimalPartner) frå 1958 til 1995, og var involvert i å byggja opp industri, ein yrkesskule i Butwal, og eit sykehus i Tansen. Hans visjon var å bruke lokale ressurser for å forbedra folk sitt livsgrunnlag og stimulera til eigeninnsats. Dette var berekraftig utvikling i praksis, og for det har han motteke ei rekkje utmerkingar.

-Det var ei fantastisk oppleving å besøka dei historiske stadene i samband med arbeidet, fortel Sandesh, som i starten av reisa fekk besøka yrkesskulen i Butwal.

Flittige studentar og morgondagens arbeidstakarar

Butwal Technical Institute (BTI) vart etablert på 60-tallet som svar på trongen for mekanikarar og elektrikarar i sørvestlege Nepal. Siden den gong har BTI gjeve fagopplæring til over 8000 unge nepalarar og rundt 23% av desse er kvinner. Skulen har spela ei viktig rolle i å utdanna kompetent arbeidskraft for dagens arbeidsmarknad. I eit samfunn med stor træng for å skape arbeidsplasser, treng kompetansen å følgja hurtig med på vegen. Den praktiske tilnærminga yrkesskulen har, gjev unge høve til å koma raskt ut i lønna arbeid. Nokon etablerer også eigne bedrifter etter endt skulegang. Sandesh snakka med fleire av studentane.

-Då eg såg studentane og måten dei handterte maskinene på, fekk eg ei kjensle av at nettopp desse kan utretta store ting for Nepal. Her vert det utdanna folk i mekaniske fag og elektro. Nokon vert tømrrarar, medan andre fokuserer meir på sveising. I løpet av dei siste åra har det også kome moderne CNC-maskiner på skulen. Eg er sikker på at BTI bidreg mykje for utvikling av teknisk kompetanse i Nepal, noko me treng sårt.



8000 unge har teke utdanning ved yrkesskulen. Blant disse er 23% jenter.



-Det rørte meg då dei med entusiasme fortalte at dei ville gjera noko for heimstaden sin. Det var fint å sjå korleis Odd Hoftun sitt arbeid lever i beste velgåande, og korleis det bidreg til at folk sjølv tek ansvar for eigen utvikling. Han har fått ei eigen gate oppkalt etter seg i Butwal, og eg merka at leiinga på skulen hadde stor respekt for han.

USYNLEGE HENDER

Usynlege hender leier oss
rundt omkring
ingen ser hendene
ingen veit om dei
men utan desse hender
ville dei svarte taka
i hjarta våre drive oss
ned i ein trampande uro
der vi står og ikkje kan sjå
Det er desse usynlege hender
som legg sin stille musikk
inn i oss
som eit lyftande sug
inn mot den stilla
som gjer at dagen kan levast.

- Jon Fosse -

Smørjing av dåpsengel

Ja, sjølv dåpsenglar lyt frå tid til annan få litt olje når ledda og tannhjula byrjar knirka. Dåpsengelen i Øystese har trollbunde mangt eit barnesinn, der han mjukt kjem flygande ned når dåpsstunda nærmar seg. No trong han litt tilsyn – men det var lettare sagt enn gjort? Trong var det, og ilt å koma til. Røslege karar stod rådville, heilt til eit ljost hovud kom på tanken: Arvid! Kattande mjuke Arvid, snjaop og ledug som ein røysekatt, og berre 81 år – han kan vel smetta inn på kyrkjeheimsen og få dette gjort? Og som alltid: Arvid er aldri tung å be. Oljekanne og litt verktøy vart med på ferda inn mellom gamle kyrkjesperr. Han kom både inn og ut att – og no kjem engelen lydlaust ned til neste dåp. Knirk og knak er borte – i alle fall for ei stund.



Evigunge Arvid er høgt og lågt - og kan nyttast overalt.

BRANN!!!

Nei, ikkje på ekte. Her snakkar me om brannøving. Skal ein opptre med ro og disiplin når det eingong gjeld, må det øvast. Dette gjeld i kyrkja som alle andre stader. Og Heine kyrkjegardsformann var ikkje sein å be då kyrkjevevjen spurde om han hadde eit eller anna objekt me kunna øva brannsløkkjing på? Jaudå, den gamle sofaen i sakristiet i Ålvik måtte kunna gjera nytten? Den var grei nok då den kom innom dørene i si tid, men viste seg å vera ei ekte sprotafelle: sette du deg ned i den og sokk ned mellom to puter, så sat du dønn fast. Fleire måtte hjelpast opp att, fortel saga. Soknerådet i Ålvik gav sin tilslutnad: den mjuke sitjefella måtte ut att, og kunne saktens nyttast til brannøving?

Så ja, den set me fyr på, vedtok eit samrøystes stabsmøte. Og slik vart det. Med løyve frå brannvesenet og eit lite snes forvitne ungar frå barnehagen som heia gjeng, fekk alle tilsette i staben prøva seg på sløkkjing med pulverapparat



Sokneprest Roar Strømme i sving medan svartrøyken står stig mot sky.

Dei tek vare på byggesoga

Tidsvitne skal ein ikkje kimsa av. Det byrjar verta mange år sidan Norheim-sund kyrkje vart reist ved hjelp av dugnad og innsamla midlar, men framleis står kyrkja som eit mektig monument og fortel si søge om kva som kan realiserast dersom mange nok vil det same.

Men korleis gjekk det til, det heile? Det har ei sjølvoppnemnt nemnd funne ut at dei vil dokumentera. Kristian Neteland, Johnny Roy Knudsen, Olaug Dyrkorn og Ingmar Lid, med ei samla fartstid på 325 år her på jord, var alle med i dei sagnomsuste 80-åra då katedralen på Sandven vart bygt. Og no finkjemmer dei byggjerekneskap, byggjemøte-referat og bilete, i von om å skriva ei så sannferdig søge som mogeleg. Det er mange detaljar som held på å forsvinna ut or minnet, og mange av dei som var mest aktive, har kvilt i sine graver i mange år. Her er det om å gjera å få ting på trykk medan tidsvitna lever. Dei gamle er eldst!



FRÅ KYRKJEBØKENE



Dåp

Øystese sokn

Joa Aga Ystheim
Aslak Espevold
Bjørn Eldar Braga Toppe
Randi Berge Aarsand
Elvira Fjellro
Sverre Soma Norheim
Sonja Mæland Molven
Sverre Mæland Løvgren

Vikøy sokn

Vegard Froastad Kvittingen
Anna Storhaug Fonneland

Strandebarm sokn

Isak Steinsvoll Augestad
Felicia Eliza Markhus Kvalvaag



Gravferd

Ålvik sokn

Anne Kjepso (f. 1933)

Øystese sokn

Aslaug Margrethe Kaland (f. 1932)
Kenneth Haaland (f. 1980)
Nils Terje Bjørke (f. 1970)

Strandebarm sokn

Nils Mundheim (f. 1940)
Per A. Oma (f. 1927)
Bård Jakob Ljones (f. 1945)
Hanna K. Berge (f. 1923)
Nora Oma (f. 1943)
Tor Bergtun (f. 1941)

Vikøy sokn

Ann Helen Hausberg (f. 1955)
Ingjerd Marie Rosseland Mo (f. 1940)
Reidar Byrkjeland (f. 1931)
Gerd Gjellefall (f. 1943)
Sigrid Seim (f. 1928)
Anna Småbrekke (f. 1926)
Poul Bækkevang (f. 1943)
Odd Vikør (f. 1921)

Håp i ein dråpe vatn

Like sikkert som at sol fylgjer regn: Fasteaksjonen med konfirmantane våre i hovudrolla er eit årleg høgdepunkt. I år er det «Håp i ein dråpe vatn» som er tema, og det er brennbart tema i ei verd som stadig vert varmare. Prosjekta er mange, og på biletea ser me Rachele frå Libanon. Ho bur i ei landsby som i 40 år ikkje har hatt drikkevatt tilgjengeleg. Korleis er det råd..? Jau, lastebilar kom med vatn ein gong i veka. Men no har Kirkens Nødhjelp sitt program hjulpet dei med å sikra vassforsyninga.

Sjølv om verda er blitt digital, og at setleboka med pengar nærast er som anakronisme å rekna: konfirmantane vil også i år koma heim til deg med bøsse-sine. Det meste av det som kjem inn, vil nok vera via VIPPS og direkte-overføring, men bøssene er med og minner oss om kva dette eigentleg dreiar seg om: at me som har det så godt i vår kvardag, kan yta vår skjerv i møte med ei verd der ressursfordelinga er så overmåte skeiv, og der mange vantar det mest nødvendige: reint vatn.

Ta godt imot dei dei 19. mars!



50-års konfirmantar i Øystese kyrkje 3.september 2023



Fotograf: Katrine H.Van Tulder

1.rekkje: May Lise Halset Nesse, Aud Lillian Lothe Lund, Anne-Margit Eide Schølberg, Liv Austestad Skeie, Astrid Susanne Øvrid Lindberg, Herborg Øystese Klyve, Norunn Åsprang Valland, Astrid Lillevik, Marit Stangeland Albu.

2.rekkje: Maria Øystese Skeie, Helga Soldal Steine, Anne Grethe Øvrevik Hagen, Kari Ålvik Lid, Ragnhild Malene Langeland Eide, Karen Marie Gaasø Tveiten, Ingeborg Fjeld Ulgenes, Tone Haugen Wiik.

3.rekkje: Jenny Bjørke Hjartnes, Reidun Fykse Mo, Asbjørn Franzen, Jakob Sandven, Beate Børve Harr, Linda Stormark, Torfinn Vik, Jonny Natås, Per Einemo, Torgrim Aalvik.

4.rekkje: Jon-Arne Soldal, Terje Fykse, Arne Johannesen, Per Rykken, Bjarne Børven, John Kristian Rykkje, Olav Torpe, Knut Arne Brattabø.

GUDSTENESTER I SOKNA

3. mars

Øystese kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste etterfylgd av årsmøte

10. mars

Norheimsund kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste etterfylgd av årsmøte

10. mars

Ålvik kyrkje kl. 17.00
Gudsteneste etterfylgd av årsmøte

17. mars

Øystese kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste

17. mars

Strandebarm kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste etterfylgd av årsmøte

24. mars

Norheimsund kyrkje kl. 11.00
Palmesøndagsgudsteneste

28. mars

Strandebarm kyrkje kl. 19.00
Nattverdsgudsteneste

29. mars

Øystese kyrkje kl. 11.00
Pasjonsgudsteneste

30. mars

Vikøy kyrkje kl. 23.00
Påskennatt-gudsteneste

31. mars

Strandebarm kyrkje kl. 11.00
Festgudsteneste

31. mars

Norheimsund kyrkje kl. 11.00
Festgudsteneste

1. april

Friluftsgudsteneste på Sjusete, evt. i
Øystese kyrkje ved regn, kl. 11.00

1. april

Ålvik kyrkje kl. 11.00
Påskegudsteneste

7. april

Øystese kyrkje kl. 11.00
Bornas påskefest

11. april

Norheimsund kyrkje kl. 18.00
Samtalegudsteneste med
konfirmanane

14. april

Ålvik kyrkje kl. 11.00

14. april

Norheimsund kyrkje kl. 19.00
Ungdomsgudsteneste

21. april

Strandebarm kyrkje kl. 11.00

21. april

Norheimsund kyrkje kl. 11.00

24. april

Strandebarm kyrkje kl. 18.00
Samtalegudsteneste med
konfirmantane

25. april

Øystese kyrkje kl. 18.00
Felles samtalegudsteneste med
konfirmantane i Ålvik/Øystese

28. april

Øystese kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste med
konfirmantjubileum

1. mai

Gudsteneste i Ålvik kl. 11.00

4. mai

Norheimsund kyrkje kl. 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste

5. mai

Norheimsund kyrkje kl. 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste

5. mai

Ålvik kyrkje kl. 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste

9. mai

Vikøy kyrkje kl. 11.00
Friluftsgudsteneste om vêret tillet

11. mai

Øystese kyrkje kl. 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste

12. mai

Øystese kyrkje kl. 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste

12. mai

Strandebarm kyrkje kl. 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste

17. mai

Strandebarm kyrkje kl. 10.30

17. mai

Øystese kyrkje kl. 11.00

17. mai

Ålvik kyrkje kl. 14.00

19. mai

Norheimsund kyrkje kl. 11.00
Høgtidsgudsteneste med markering
av 1000-årsjubileum

20. mai

Strandebarm sokn, Haukås kl. 11.00
Pilgrimsvandring til Holseter

26. mai

Øystese kyrkje kl. 11.00

2. juni

Ålvik kyrkje kl. 11.00

2. juni

Norheimsund kyrkje kl. 17.00
Bok til 6-åringane

9. juni

Vikøy kyrkje kl. 11.00
Folketonemesse

16. juni

Strandebarm kyrkje kl. 11.00
Bok til 6-åringane

16. juni

Øystese kyrkje kl. 17.00
Bok til 6-åringane

NB! Det kan koma endringar. Sjå lysing i HF!

- Din lokale VVS-leverandør

Våre fagfelt:

- Sanitæranlegg
- Varmeanlegg
- Blikkenslagerarbeid
- Luftbehandlingsanlegg
- Automasjon/SD-anlegg
- Rehabilitering
- Nybygg hus/hytter
- Service

Tlf. 56 55 36 00 - www.tecno.no - E-post: post@tecno.no

TRANSPORT | KRANARBEID | MASKINTRANSPORT
CONTAINERUTLEIGE | SAL AV FØR, SINGEL OG SAND

JAN MO AS

Øystese | 56 55 59 22 | janmo.no

JOHAN SKEIE AS
GRAVING • BETONG • BRØYTING

Du når oss på tlf 915 45 745

GULE'S

Gule's Landbruk har eit breitt sortiment av reiskap for jordbrukar, entreprenørar og kommunar.

Firmapost@gules.no

Hardangerfjordvegen 569, 5610 Øystese. Tlf 56 55 53 19

Øystese Elektriske AS

DIN LOKALE ELEKTRIKAR
- brei erfaring innan bustad, industri og landbruk

Installasjon og service av:

- Sterk- og svakstrøm
- ENØK og smarthusløyningar
- Tele og datanettverk
- Varmepumper

Tlf: 56 55 04 40 · www.oelas.no

Ynskjer du gravstell?

Fellesrådet sine tilsette steller graver for mange - men har kapasitet til meir.

Ring kyrkjekontoret for prisar og info, tlf. 474 83 120. Eller sjå våre heimesider på kyrkja.no/kvam

optikk Bjelland

Briller - kontaktlinser - ur

www.optikar-bjelland.no tlf.: 56 55 20 50

HARDANGER BYGGSENTER

www.hardangerbyggssenter.no

BYGGtorget MESTERHUS - det blir som avtalt

KVAM KRAFTVERK

Til deg! For deg!

SparebankenVest
- satsar på vestlandet

www.spv.no | Tlf. 05555



Informasjon

Avsendar:
Kyrkjeblad for Kvam
Postboks 39
5601 Norheimsund

Har du sett på disse to symboler i Norheimsund kirke?

Du finner dem til venstre og høyre på altertavla. Men hva betyr egentlig disse symboler?

Til venstre ser vi den første (A) og siste (Ω) bokstaven i det klassiske greske alfabetet. De heter Alfa og Omega. Det er tilsvarende A og Z i det engelske alfabet, og A og Å i det norske.

Uttrykket Alfa og Omega brukes for å si at noe omfatter alt, eller har med seg det viktigste.

I bibelen finner vi uttrykket der Gud sier om seg selv: *Jeg er Alfa og Omega, sier Herren Gud, Han som er og som var og som kommer, Den allmektige* (Johannes' åpenbaring 1,8).

Ok, da vet vi det. Også ser vi anker-symbolet til høyre.

I Bibelen leser vi at håpet er et anker: "Vi har en mektig trøst, vi som har søkt tilflukt ved å gripe det håpet som ligger foran oss. Dette håpet

er et trygt og fast anker for sjelen." (Hebr. 6,18)

Under forfølgelse av de første kristne var ankeret også et hemmelig, kjært og viktig styrkende symbol, som også gav trygghet i gjenkjennelsen hos andre kristne.

Også kan du se, at det venstre symbolet peker mot høyre, og det høyre symbolet peker mot venstre, dvs mot midten og sentrum, som er Kristus-figuren.

Ulf Krupka



Religiøs undring og tru i tekstar av Jon Fosse

Jon Fosse avslutta Nobel-foredraget sitt med å takka Gud, og både form og innhald i mange av bøkene hans avspeglar ei forankring i den kristne, mystiske tradisjonen. Denne dimensjonen ved tekstuniverset hans er tema for programmet «Religiøs undring og tru i tekstar av Jon Fosse» 10. mai kl 18 i Fosse-huset.

Dr. theolog og prest Rolv Nøtvik Jacobsen vil i foredraget sitt visa likskapstrekk mellom Fosse sin skrivestil og det vi finn i bibelske tekstar og bøn, liturgiske tekstar og salmar.

Professor i litteraturvitskap ved Universitetet i Bergen, Christine Hamm, vil ta for seg samanhengen og kontrasten mellom det kvardagslege språket og den metafysiske dimensjonen i tekstar av Fosse og

drøfta i kva grad språket gjev uttrykk for ei gudstru.

Programmet er todelt. Først har kvar foredragshaldar ein halvtime til rådvelde. Deretter vert det ein liten pause før prest Roar Petter Strømme leiar ein samtale mellom foredragshaldarane. Publikum får òg høve til å stilla spørsmål.

Songar og dirigent Olav Skeie Lid og organist Sevinj Asgarova Øvrehus vil bidra med musikkinnslag og leia allsongen.

Folkeakademiet, soknerådet, Kvam Mållag og Fosse-stiftinga samarbeider om dette programmet, som er ein del av Fosse-dagane i mai.

Torsdag 9. mai kjem Gabriel Fliflet med fire musikarar som har sett saman eit festprogram kalla «Fossedur» til ære for Jon Fosse. Kl 21 på fredag får publikum møta songaren Klaus Vatne i programmet «Kjærleiken er». Vatne har sett melodi til mange Fosse-songar.

